

Soløymarka

Seglfjellet

Ta til høgre etter Storjord mot Moldjord. Ta av på Moldjord mot Soløya (til høgre). Kjør så langt det går, fortsett til fots inn i Soløymarka. Alternativt, kjør mot Breivika og skaff båtskyss over Beiarelva inn til Leirvika. Det gjev mindre gåing, men meire orging.

2. Prosjekt..... ?

Ligg skjult inni ei kløft. Ser flott ut, litt slakkare enn Soløyfossen.


1. Soløyfossen5

300m/70-90°
Kurt Kaspersen & Børge Solbakk 13. februar 1997.
Fossen ligg midt i Seglfjellet, har ei fantastisk linjeføring. Fossen er ca 300 m høg. Førstebestigarane klatra han på 6 taulengder, snittbrattheit rundt 70°, med totalt 25 meter 90° is. Dei hadde hengande standplassar heile vegen, då isen hadde veldig jamn helling og stort sett ingen hyller. Det er meire is i Seglfjellet, men denne fossen er den mest markerte. Sannsynlegvis ein av dei flottaste fossane i Salten. Retur mot vest ned over Soløytuva.

Fauske

Fauske ligg 6 mil aust for Bodø langs RV 80. Det er ei kommune med mykje interessant is. Flottaste området er truleg rundt Vatnbygda, med Svarthammarflåget og Moenflåget. Elles byr Hamnaflåget ved Leivset på lett anmarsj, medan det oppover dalen mot Sulis er mykje spanande is både lett og vanskeleg. Verd å nemne er diverse miksrenner på nordsia av Øvrevatnet og

ein del lange, hårreisande linjer og korte artige topptausprosjekt i Skjønstådalen (på veg til Sulis). I sjølve Sulis er det også diverse is, m.a. bratte, tynne ting ovom kyrkja. Ved Giken er fossen i Gikenelva klatra tidleg på 90-talet. Det er kun skildra ein foss i detalj i Sulis (Pappskaller på natterangel).



Knut Aspheim tester isøksjer på "Bursdagspresangen". Foto Remi Bendiksen.



Skarpskodd barnevognsjåfør under BKK's isklatresamling 1999. Foto Sveinung Råheim



Hamnaflogfossane - Leivset

Fossane ligg i Hamnaflåget 15 moh, 50 m frå flomålet og 50 m frå E6. Fin stad å topptaue bratt og delvis tynn is. **Tilkomst ovanfrå:** Kjør E6 sørover ca 7 km frå Fauske. Omlag 1 km etter skilta avkøyring til Leivset er ein rasteplass på høgre side (sjøsida) av vegen. Parker her. Gå ca 300 m vidare, ved slak venstresving, hopp over autovern og gå ca 50 m ned i skogen. Ein "telefonstolpe" står på kanten av stupet, dette er topptaufeste over foss nr 1. (Fossane er nordvestvendte). **Tilkomst nedanfrå:** Ta av til Leivset (ca 6 km etter Fauske). Kjør ned til fjorden (ca 2 km), gå i fjøra bort til fossane (ca 300 m).


Tips: Ta med utstyr til å lage eit rappellfeste som er langt nok til å nå frå stolpe på toppen av midtre foss til kanten (5m). Då når du akkurat ned på 50 meter tau.

1. Ukjent namn.....ca 4-5
20 m, 80-90°. Kort, bratt foss. Uvisst om han er klatra.

2. Teflonhjerne..... 1-2
ca 30-40 m. 60-80°. Moderat foss i venstre kant av det markerte overhenget. Sigurd Gjertsen & Anne Marit Thorset Gjertsen mars 2004

3. Hamnaflogfossen
- venstre ca 4
55m/80-85°. Ukjent førstebestiger.

4. Hamnaflogfossen
-høgre4
70m/80-85°
Dei fyrste 20 m byr på 80-85° is. Så 15 slakare meter før 15 m 80-85° issøyle. Eskil Sørvik & Knut Aspheim 9/3-96.



Moenflåget

Moenflåget ligg på motsett side av Nedrevatnet på Fauske.

Ankomst som for Svarthammarflåget, men ta til høgre når du kjem til skilta avkøyring "Moen". Parker i nærleiken av dei siste husa i grenda (SPØR OM LOV). Gå ned på vatnet og følg det bortover til du står under isane, vel 1 km.

Det er klatra noko her tidlegare. M.a. har Jan Chr. Andersen vore her. Sannsynlegvis har dei klatra på dei mest markerte fossane som Joppe og harepusen, Grusomme Toomas eller Bursdagspresangen. Fart på klatringa her vart det rundt 1996 då Mats Peder Mosti for alvor byrja å klatre is. Han har vakse opp på motsett side av vatnet og nytta høvet til å klatre "Joppe og harepusen" og halve "Grusomme Toomas". Desse namna fortener og ei lita forklaring. Joppe og harepusen var dei to mest populære bamsane til veslebroren til Mats (3 år i 96) og Grusomme Toomas var den desidert farlegaste bamsen veslebroren hadde.

1. Testing Testing4
ca 130 m/50°-85°. Eskil Sørvik, Eirik Pettersen, Remi Bendiksen, Tore Bjørnsund og Sveinung Råheim 24/3-2001.

To bratte hamrar, ein i starten og ein i toppen. På snørike vintrar er det mykje snø på det slake partiet mellom dei to hamrane. Begge hamrar byr på svært bratte variantar. Retur: Rappell ned toppillaren, så ned i skogen til venstre.

2. Returrenna..... 1-2
ca 100 m/30-80°. Ukjente.

Dette er returrenna for dei andre fossane. Stort sett slak is, men det er mogeleg å oppsøke litt brattare hamrar i toppen av renna. Retur: Rappell ned fossen via diverse tre.

3. Wet T-shirt!4
ca 60 m/60-85°
(Erik Dagestad / Sveinung Råheim mars 99)
Bratt start så litt slakare før det dreg seg til i toppen. Stand i svær bjørk som heng utover fossen. Rappell ned fossen att eller ned renna til venstre (foss 2.).

4. Joppe og Harepusen.....4
ca 150 m/60-90°
(Kjell Eugen Andersen, Jan Christian Andersen & Roar Eikeland 1985).
Feit, flott foss som gradvis blir brattare. Siste taulengde brattast, opp ca 10 - 15 m høg gardin. Klassikar i Salten.
Retur ned foss 2 eller rappell ned fossen.



5. Karius og Baktus.....4

ca 150 m/70-90°. (Sveinung Råheim og Remi Bendiksen jan 98).
Litt tynnare foss 10 meter til høgre for Joppe og Harepusen. Jamt bratt. Namnet kom av at heile fossen var hol innvendig i toppen. Retur ned fossen eller ned nr 2.

6. Grusomme Toomas5

ca 150 m/60-90°
(Mats Mosti, Sveinung Råheim og Børge Solbakk 1996 og 1998.)
Mats klatra fyrste delen, men måtte snu då makker ikkje klarte å følge etter. Sveinung og Børge klatra til topps ein regnfull marsdag i 98. Bratt, særleg 2. taulengde, som går opp ei frittstående søyle på omlag 15 - 20 meter. Fossen ramlar ned iblant på dårlege / milde vintrar.
Retur ned fossen eller ned nr 2.

7. Bursdagspresangen.....2

ca 70 m/40-70°. Jan Christian Andersen & Anne M. Gulstad seint 80-tal.
Fossen ligg eit stykke til høgre for dei foregåande og går heilt ned til vatnet. Enklaste veg grei,

mogeleg å oppsøke brattare parti.
Retur via tre til venstre for fossen.

8. Økslaus5

ca 75 m/80-90°. (Mats P. Mosti & Torgeir Kjus 11/3/2000).
Fossen ligg 50 meter bortafor Bursdagspresangen. Startar også i vasskanten. Bratt! Det er ofte mykje orgelpiper og luft i nedre delen av fossen pga tidvis stor vassføring og brattheit. Retur ned fossen eller ned skogkledd li tilhøgre (vestafor) utsteget.

Moenflåget, øvre del

Over Moenflåget ligg ei bratt, overhengande klippe. I denne heng det kvart år fleire istappar. I høgrekant er det minst ein foss som bygger heilt ned. Så vidt vi kjenner til er det aldri klatra noko her. Anmarsjen ern enklast opp returfossen eller opp lia til høgre for "Økslaus".

9. Prosjekt.....

Bratt klatring, ca 50 m lang. Muleg det vil vere fleire linjer der, fossane er kun avstandsvurdert.



Svarthammarflåga

(Kart:2129 II)
Ta av mot Sulitjelma (Sulis) frå E6 rett sør for Fauske. I det du kjem til første tunnel parkerer du på venstre side av vegen. Svarthammarflåga ligg opp høgre, anmarsj 20 min til Svarte fanden, 10 min ekstra til Bratte fanden. Vidare oppover langs Svarthammarflåget i retning Svarthammarhola er det og meir bratt, kort is. Mellom "10 helikoptre..." og Bratte Fanden er det iblant ein tynn foss med brattheit omtrent som på "10 helikoptre...".

1. Svarte Fanden2-3

80 m/70°(80°) (Jonny Jakobsen & Torgeir Kjus nov-89)
Isen brattnar gradvis frå 50-80°. Utsteget er det brattaste. Retur ned skogkledd skråning til høgre for fossen eller ned sjølve fossen. Dersom ikkje isen når heilt ned må du starte litt inn på flåga.

2. 10 helikoptre.....

og 2 lasaroner4 - 5

100 m 60-95°. Mats Peder Mosti & Bjørn Egil

Johansen1996
Brattheit omlag som for Svarte fanden bortsett frå utsteget. Her varierar forholda, men uansett er det bratt og tynt. 1. bestigarar klatra opp kort opptak med frittthengande istappar (2-3 meter).

3. Bratte fanden5

ca 85 m/75-90°. (Sveinung Råheim & Mats P. Mosti 12/3-2000)
Fossen ligg flott til midt i Svarthammarflåget. Første taulengde vedvarande 80-85°. Lurt å ta stand under første bratte parti på høgre eller venstre side (ca 55 m) for å unngå isras. Bratt avslutning på fossen, med ca 10 m 90° opp toppsøyla. Denne søyla når mange vintrar ikkje ned, er eventuelt veldig tynn. Stand på toppen av issøyla. Retur ved rappell ned fossen. Fyrstebestigarane snudde på toppen av toppsøyla. I desse miksdagar er det på sin plass og nemne mogelegheita for å mikse seg heilt opp anten via bratt rampe til venstre eller via overhengande klippe rett opp (ukjent grad). Byr uansett på krevjande miks-klatring på lumskt fjell.



Skjønstadfossen / Sjønstådalen

(Kart; 2129 II)

I tillegg til "Skjønstadfossen" er det klatra diverse andre linjer i området av m.a. Mats Peder Mosti. Rett på motsatt side av nedkøyring til Sjønstå kraftverk er det klatra ein slak foss, og det er topptaua ein god del bratte, korte saker på høgre hand her. Ei lang, slak is og snørenne på høgre sida av bratt flåg på sørsida av dalen er både soloert og køyrt ned på ski (koseleg isklatring før det kjem for mykje snø).

Tilkomst: Frå Fauske, følg E6 sørover til RV 830 tek av mot Sulis. Etter ca 23 km og diverse tunnellar kjem du til 2. gangbru over elva på høgre side av vegen. Det er ei avkøyring på venstre side av vegen, ved eit einsleg raudt hus (gamle Sjønstå stasjon). Parker her. Følg så rett opp lia mot fossen. Vær merksam på at anmarsjen og utsteg kan vere rasutsett (sjå på trea).

Skjønstadfossen1


200 m/50-60°

Det opprinnelege namnet er "Hvitløksfossen", men det er endra til Skjønstadfossen for å vise til stadnamnet her "Sjønstå".

Fossen ligg i innlandet og kan fryse tidleg til. Fossen er og slak og kan derfor vere ein aktuell sesongstartfoss. Avhengig av isforholda må ein gjere ein travers ut mot venstre i topppatiet, som legg seg ein del. Ein artig dagstur over mange taulengder. Fossen er soloert.

Retur ned skogkledd li som skrår ned mot Langvatnet til venstre for fossen. Det er mogeleg å ta seg ned tidlegare eventuelt med rappell. Snøforholda avgjer.

Jonny Jakobsen & Torgeir Kjus nov-89



Sulis - Hanken

Utan skisse

(Kart 2029-II Sulitjelma)

Køyr til Sulis. Parker ved kyrkja. Gå opp til Hanken/Ny Sulitjelma (Turistforeningshytte - SOT). Dette er fint utgangspunkt for klatringa. Fortsett vidare anleggsvegen mot pumpehuset. Fossen ligg i botnen av det markere gjuvet Gikenelva renn gjennom. Ca 1,5 km forbi Hanken. Anmarsj til gjuvet frå Hanken ca 1 time. NB! Gjuvet samlar svært mykje snø og er ekstremt rasutsett. Vurder tilhøva svært nøye! Det er alt utløyst ras i gjuvet av (over)ivrige klatrarar. Forutan hovedfossen som er klatra finns det og andre mogelege linjer. Gjuvet ligg høgt, så det vil ofte vere klatrebart her tidleg.

1. Pappskaller på natterangel

.....4 

105 m.

Ligg heilt i enden av juvet ovafor Hanken. Flott foss å sjå på både sommar og vinter. Jamt bratt, men aldri desperat. Hovudproblemet her forutan rasfara på anmarsj gjennom gjuvet og opp siste snøbakken til fossen, er toppskavelen. Utover vinteren kan denne bli fleire meter overhengande. 1. bestigarane var her tidleg på

året, då var det kun 2 meter med loddrett snø på toppen dei måtte grave seg gjennom. Retur er klart enklast ned aksla til venstre for utsteget med kurs ned mot Hanken. Sveinung Råheim og Mats Mosti november 1997.

2. Prosjekt.....?

Gå inn gjuvet. I det snøbakken i enden byrjar, ligg ein ca 50-70m lang foss på høgre side. Startar i botn av gjuvet. Lang, bratt snøbakke på toppen.